



Fylkesordfører i Hordaland  
Anne Gine Hestetun

Dykkar ref.:

Vår ref.: 2015000405-23/2016000537 Arkiv: N - 259 Dato: 14.01.2016

## INVITASJON TIL AVDUKING AV FARTEIN VALEN-SKULPTUR, BOKLANSERING OG ARBEIDSSEMINAR

Vi inviterer Dykk til avduking av den første heilfigur skulpturen av Fartein Valen under Fartein Valen-festivalen laurdag 16.april. Skulpturen vert laga av Odin Øistad.

Skulpturen er ei gåve til Sveio kommune frå Fartein Valen-stiftelsen og Haugesund Sparebank. Den skal plasserast i Sveio sentrum, like framom kommunehuset. Her vil den stå ved inngangen godt synleg for publikum. Vi ynskjer derfor at det skal bli ein folkefest i sentrum denne dagen.

Ei anna stor hending, er lansering av boka «Mennesket – Fartein Valen», skriven av Fartein Valen-Sendstad. Dette vil skje like etter avdukinga av skulpturen.

I tilknytning til dette, ynskjer vi å arrangera eit arbeidsseminar som skal diskutera økonomiske rammer og fagleg innhald for eit berekraftig og framtidsretta Fartein Valen-arbeid her i vår region. Sveio kommune ynskjer å samarbeida med dei to fylka om seminarprogrammet. Målsetjinga er å starta ein prosess for ein festival som skal reknast blant dei 10 viktigaste festivalane for klassisk musikk i Noreg.

Med helsing

Jorunn Skåden  
Ordfører

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*

